



# NÆR FOLK

*i heile*

# VOLDA

Les heile  
programmet  
her:



# VÅR POLITIKK

for heile Volda

Senterpartiet vil ta heile Volda i bruk og arbeide for at Volda skal vere ein god kommune å bu i for alle. Vi vil arbeide for eit godt og trygt tenestetilbod innanfor barnehage, skule og eldreomsorg. Då treng vi ein ansvarleg økonomisk politikk og eit aktivt folkestyre der vi lyttar til innbyggjarane sine behov. Vi vil redusere geografiske og sosiale ulikskapar. Gode lokalsamfunn er avgjerande for god folkehelse. Vi vil at Volda kommune skal legge til rette og vere samarbeidspart for å skape gode nærmiljø og utvikling i heile kommunen.

## Med hjarte for:

### **LOKALT FOLKESTYRE OG OFFENTLEG VELFERD**

Senterpartiet arbeider for gode fellesskapsløysingar, desentraliserte tenester og god økonomisk styring.

### **SAMFERDSLE**

Vi vil arbeide for snarleg realisering av Voldatunellen for å løyse trafikk- og miljøutfordringane gjennom sentrum frå Myrane til ferjekaia. Vi vil prioritere vedlikehald av kommunale vegar og trygging av skulevegar. Fullføre utbygging av breiband og mobilnett i heile kommunen. Arbeide for viktige fylkesvegsamband som til dømes Fv 60 Tomasgard - Røyhus bru og å styrke kollektivtilbodet i heile kommunen og i regionen.

### **HELSE OG OMSORG**

Senterpartiet vil oppretthalde trygge og gode helse og velferdstenester der folk kan oppleve tillit og respekt. Gjennom auka satsing på gode heimetenester, velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering vil vi gjere det trygt å bu heime så lenge ein ønskjer, og gi tilbod om omsorgsbustad eller sjukeheimplass til dei som treng det. Vi vil støtte tilrettelegging for fleire dagaktivitetar som til dømes demenskor. Vi vil oppretthalde desentralisert eldreomsorg i Hornindal og på Folkestad, og sikre Helsehuset og legetenesta i Hornindal. Vi vil arbeide for at tilbodet i bu- og habiliteringstenesta sikrar brukarane aktivitet og deltaking i samfunnet.

### **NÆRINGSUTVIKLING**

Vi vil legge til rette for god utvikling av tettstadane. Nytte strategiske verkemiddel for å styrke Volda som regionsentrum og vidareutvikle Volda sentrum som ein attraktiv stad å bu, opphalde seg og etablere verksemd. Vi vil legge til rette for tett samarbeid med privat næringsliv og offentleg verksemd for å skape trivsel og utvikling. Vidareføre reiselivs-prosjektet og satse på eit berekraftig, lokalt reiseliv basert på natur, mat og kultur. Vi bør bruke lokal historie som del av opplevingstilboda.

### **OPPVEKST OG NÆRMILJØ**

Gode nærmiljø er avgjerande for at Volda skal vere ei god kommune å vekse opp i. Senterpartiet vil sikre ein desentralisert barnehage- og skulestruktur med gode uteområder og nok hender og auge som ser. Dagens skulestruktur skal bestå. Vi vil ha eit sterkt lag rundt barnet frå helsestasjon, skule og barnehage til eit breitt og godt fritidstilbod. Vi vil styrke utlansordninga BUA og ordninga med fritidskonto og stimulere til lågterskeltilbod der alle kan vere med. Vi vil arbeide for oppgradering av leikeplassar og legge til rette for møteplassar i lokalsamfunna.

### **GODE TENESTER FOR INNBYGGJARAR OG TILSETTE**

Vi må ta inn lærlingar i kommunal verksemd og nytte innkjøpsmakt til å stille krav om bruk av lærlingar. Å vere ein god arbeidsgjevar er grunnleggande for å yte gode tenester. Vi vil halde fram med å bygge heiltidskultur slik at Volda vert ein god arbeidsgjevar med lågt sjukefråvær og stabile, gode tenester.

### **KULTUR, IDRETT OG FRITID**

Kommunen skal støtte opp under frivilligheita og ha ei aktiv satsing på kultur, idrett og friluftsliv. Vi vil støtte opp om kulturarenaer i heile kommunen og fullføre renovering av samsfunnshuset som eit hus for alle og med ungdomsklubben som ein attraktiv møtestad. Kulturskulen skal gi tilbod om desentralisert opplæring og fleire skular/sfo skal få prøve ut ordninga med korps i skulen.

### **LANDBRUK OG KLIMA**

Vi vil legge til rette for dei grøne næringane som jordbruk, skogbruk og fornybar energi. Vi vil praktisere aktivt jordvern og handheve bu- og driveplikta for å oppretthalde matproduksjon og beredskap. Stimulere til beiting som verkemiddel for biologisk mangfald og miljø. Kommunen skal legge vekt på klimavennlege løysingar og fornybar energi i sine bygg.



# VI HAR HJARTE FOR HEILE VOLDA

1



1. SØLVI DIMMEN
2. OLA PERRY SAURE
3. Dag Sveinung Aarflo
4. Rebecca Riise Bjerknes
5. Ingrid Salt
6. Lise Charlotte Ekros
7. Åsmund Seljeset
8. Tom Erik Bogen
9. Ragnhild Bjørkedal
10. Olin Løvlid
11. Torbjørn Bjørkedal
12. Trond Fredrik Hoddevik
13. Linda Nedrelied Vatne
14. Hans Peter Eidseflot
15. Bengt Simon Raftevold
16. Ottar Arve Bjørkedal
17. Svein Magne Homberset Skjåstad
18. Iselin Marita Riise
19. Anders Knut Bueide
20. Marte Kirsti Utvær
21. Morten Brenne
22. Solveig Nikkinen
23. Rasmus Kirkhorn

Eg er stolt over å få vere Volda Senterparti sin ordførarkandidat for fire nye år. Vi har bak oss ei periode med stor aktivitet og god utvikling, som er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling vidare. Vi skal vere ein aktiv tilretteleggar for utvikling, men vi har også heilt klare utfordringar å ta tak i. Særleg viktig er det at vi no klarer å ta vare på born og unge. Den demografiske utviklinga utfordrar oss også til å ta kloke grep for å utvikle ei trygg eldreomsorg.

Vi vil skape gode nærmiljø saman med innbyggjarane som tek ansvar for fellesskapet, naturen og miljøet. Vi skal stelle oss slik at vi kan vere stolte av kommunen vår og kjenne at det er godt å bu her.

Vi ønskjer eit trygt samfunn der alle skal vere med, både i barnehage, skule, arbeidsliv, fritidsaktivitetar og på andre sosiale arenaer. Dei kommunale tenestene skal gi innbyggjarane det dei treng på reisa gjennom livet. Også dei gruppene som ikkje har dei høgaste stemmene.

Bruk røysteretten din, eg er klar for fire nye år. Godt val!

*Gje ei stemme til vår kandidat til fylkestinget!*

Per Ivar Lied vil vere ei viktig stemme for:

- Dei vidaregåande skulane
- Tettstadsutvikling og fornying
- God samfunnsutvikling med omsyn til helse, utdanning, infrastruktur og statlege arbeidsplassar
- Buss, ferje, fylkesvegar og trafikksikring
- Miljø, innovasjon og kultur

